



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 Oslo



28.04.08

Høring - Forslag til Nasjonal transportplan 2010-2019

På vegne av Voss Fjellandsby AS ynskjer me å gje uttale til NTP.

Voss Fjellandsby vart grunnlagt i 2002 og etter seks år er det solgt 260 hytter/fritidshusvære og bygt eit alpinanlegg med fire skitrek.

Skianlegget hadde i vinter over 60.000 gjester og utvidar til neste sesong med ein seks-seter stolheis. Voss Fjellandsby har i løpet av 2007 starta utleige av egne hytter og hytter som me disponerer for eigar i deler av året. Datterselskapet Voss Fjellandsby Booking har i dag nesten 200 utleigesenger som er 100 % belagt alle helger og feriar om vinteren (norske gjester) og heile sommaren dvs. juni-august (hollandske og tyske gjester).


Etterspurnaden er aukande, både frå innland og utland, og ein arbeider no med å auka kapasiteten på utleigesenger med vidare utvikling av senterområdet i Voss Fjellandsby. Målet er 5000 varme senger i løpet av 5-10 år og eit skianlegg med ein kapasitet på 7000 skigjester pr.dag.

Voss Fjellandsby tar no steget frå å vera eit hyttefelt med eit lite skianlegg til å bli eit nasjonalt reisemål, og ein arbeider også med vidareutvikling til å bli eit internasjonalt reisemål.

Voss Fjellandsby ligg 30 minutt med bil/buss nord for Voss sentrum, på RV13 mellom Vinje og Vik. Dei fleste av gjestene våre kjem i dag med bil, men dei to siste åra har kombinasjonen tog/buss blitt stadig viktigare, og me køyrer gratis skibuss frå/til Voss Stasjon kvar helge- og ferie-dag om vinteren. Me har stor tru på den engelske marknaden om vinteren og ser då Bergensbana som ein viktig transportør. Me trur også at tog/buss vil bli viktigare for transport av skigjester frå Bergensområdet. Ei vidare utvikling av Bergensbana med sikker og kortare køyretid frå Austlandet til Voss vil opna for nye kundegrupper for oss.

Voss Fjellandsby ser difor på Bergensbana som ein viktig samarbeidspartnar og eit viktig grunnlag for vår vidare vekst og ynskjer med denne uttalen å peike på at me er ein veksande nærings- og reiselivsaktør som ynskjer ei vidareutvikling og styrking av Bergensbana.

Med venleg helsing
Voss Fjellandsby AS


Nils Akselberg
Dagleg leiar